



Bilete er henta frå www.glemt.no

Kontakt oss gjerne:

Demensteam tlf.nr. 40 41 07 86

E-post: demensteam@sogndal.kommune.no

Andre informasjonskjelder:

www.helsenorge.no/demens

www.helsedirektoratet.no/demens

www.aldringoghelse.no/demens



DEMENSTEAM

*Demens er ein sjukdom det
kan vera vanskeleg å snakka om.*



Bilete er henta frå www.kviteseid.kommune.no

Demens skuldast hjerneskode som kan ha sin bakgrunn i fleire ulike hjernesjukdommar, og kan kjenneteiknast ved kognitiv svikt, endringar i kjensler og personlegdom, samt redusert evne til å fungera i dagleglivet.

Det viktigaste kjenneteiknet er redusert hukommelse. Demens er ein langvarig og kronisk tilstand som påverkar heile livssituasjonen både for dei som er sjuke og deira pårørande gjennom fleire år.

- ⇒ *Demensteamet i Sogndal består av vernepleiar og sjukepleiarar som alle jobbar i helse- og omsorgs tenesta.*
- ⇒ *Demensteamet vil arbeida for å gi meir kunnskap om demenssjukdommar. Me ynskjer å gi råd og rettleiing i dagleglivet og å styrka dei pårørande gjennom open dialog.*
- ⇒ *Demensteamet har samarbeid med legetenesta, ergoterapeut, heimesjukepleien, Indre Sogn psykiatrisenter og Demensforeninga i Sogndal, Luster og Leikanger.*

Kva kan demensteamet hjelpe deg med?

- ◆ Heimebesøk, der ein kan utføra kartlegging og utgreiing ved mistanke om demens, i samarbeid med legetenesta
- ◆ Samtale og informasjon til brukar og pårørande
- ◆ Oppfølging i heimen og institusjon
- ◆ Pårørandeskule og samtalegruppe for pårørande
- ◆ Informasjon om tenestetilbod, eventuelt hjelp til søknadar

Kven kan ta kontakt?

- ⇒ *Alle som bur eller oppheld seg i Sogndal kommune kan ta kontakt, dette gjeld både personar med demens, deira pårørande og vener.*
- ⇒ *Det er viktig med informasjon og opplysningar, både til personen med demens og til pårørande.*
- ⇒ *Ein treng ikkje henvisning eller søknad for å kontakte demensteamet.*



Bilete er henta frå www.fylkesmannen.no

Teikn på demens:

- ◆ Hukommelsessvikt
- ◆ Har svekka orienteringsevne for tid og stad
- ◆ Har svekka evne til å kjenne att og bruke kjente hjelpemidlar i dagleg-livet, for eksempel komfyr, tannbørste osv.
- ◆ Kan vere mistenksame og beskulde andre for å stele
- ◆ Kan vere tiltakslause og tilbaketrekte
- ◆ Kan ha problem med å lage mat og gløymer å ete
- ◆ Kan ha problem med å lære nye ting
- ◆ Kan snu døgnet